

# Mandat for etablering av kommunalt foreldreutval for barnehage og grunnskule

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Kommunedirektøren startar no på prosessen med etablering av eit kommunalt foreldreutval for barnehagar og skular i Alver kommune. Dette er eit av tiltaka i kommunedelplan for oppvekst, som vart politisk vedtatt i kommunestyret 23.02.23. Bakgrunn for etableringa er å ha eit fora på overordna nivå som gir rom for dialog, samhandling og innspel til saker som ved kjem alle barnehagane/skulane i kommunen eller andre relevante saker inn mot oppvekstsektoren. Kommunalt FAU skal vere eit verktøy for å sikre reell brukarmedverknad i utviklingsarbeid og ein kanal for tettare dialog mellom føresette og overordna administrativ leiing i kommunen, med ei kort linje til politisk utval og leiing.

### Representasjon

I foreldreutvalet er det frå kommunedirektøren si side tenkt plass til både barnehage og skule, private og kommunale. Grunngevinga for å ha eit felles utval for barnehage og skule, er at det vert arbeidd for å ha ein raud tråd i barnet si oppvekst. Om ein har eit felles utval vil det likevel vil vere mogleg og dele utvalet mellom skule og barnehage i saker der dette er naudsynt.

Om alle barnehagane og skulane i kommunen skal ha ein deltakar inn i utvalet, vil dette utgjere om lag 50 representantar. Dette vil sikre alle barnehagar og grunnskular i kommunen ei stemme inn i utvalet, men det store talet vil verke inn på kva form ein kan ha på samarbeid og dialog. Med eit så stort utval, kan ein risikere at det blir lagt vekt på informasjon og korte spørsmål, meir enn reell medverknad via dialog og samhandling.

For å kompensere for dette, rår kommunedirektøren til å rekruttere representantar (FAU-leiar) til utvalet frå krinsane i kommunen; Lindås, Knarvik, Meland (Frekhaug) , Rossland, Radøy og Ostereidet. Ein kan sikre deltaking både frå ungdomsskule, barneskule og barnehage samt representantar både frå privat og kommunal drift av barnehage og skule, ved å arbeide dette inn som prinsipp for nominasjon og val.

Om foreldreutvalet består av representantar frå kvar ungdomsskulekrins, og både private og kommunale barnehagar og barne- og ungdomsskular skal vere representert, får ein 6 krinsar med til saman 27 representantar. Også dette er eit stort fora.

Kommunedirektøren gjer difor framlegg om 15 representantar i K-FAU og tenkjer slik representasjon;

- Ungdomsskulekrinsar er Lindås, Knarvik, Meland (Frekhaug), Rossland, Ostereidet, Radøy.
- Representantar frå skule og barnehage i alle 6 krinsar
- 3 representantar frå kommunale barnehagar
- 5 representantar frå private barnehagar

- 3 representantar frå kommunale barneskular
- 3 representantar frå kommunale ungdomsskular
- 1 representant frå private skular
- Det skal og nominerast vararepresentantar
- Leiarrepresentant blir vald for 2 år
- Medlemmer blir vald for 2 år, medan 7 av representantane blir vald for 1 år ved første val, for slik å ivareta kontinuitet i utvalet.

### **Nominasjon av kandidatar og val av representantar:**

Nominasjon: FAU ved alle skular og barnehagar i kvar krins nominerer representantar til kommunalt FAU innan 16.02.24.

Val: Det vert arrangert valmøte i kvar krins innan 04.03.24.

<b>Lindås krins</b>	<b>Knarvik krins</b>	<b>Meland (Frekhaug)krins</b>
Stad, dato og klokkeslett	Stad, dato og klokkeslett	Stad, dato og klokkeslett
<b>Rosslund krins</b>	<b>Ostereidet krins</b>	<b>Radøy krins</b>
Stad, dato og klokkeslett	Stad, dato og klokkeslett	Stad, dato og klokkeslett

Kommunedirektøren vurderer at ein bør ha som målsetjing å ha utvalet på plass i løpet av april 2024. Kommunedirektøren ønskjer å sjå vidare på tal deltakarar i utvalet samt mandat for arbeidet etter gjennomført høyring.

I høyringsperioden ber vi om innspel både i høve til

- Etablering av kommunalt foreldreutval for barnehagar og grunnskular i kommunen
- Framlegg til mandat (målsetjing, mynde og ansvar, samansetjing og funksjonstd)
- I særleg grad ønskjer ein innspel på kva som vil vere ein tenleg representasjon i foreldreutvalet og om det er teneleg med eit felles utval for barnehage og skule.

### **Konstituering:**

Kontituerande møte i K-FAU innan 26.04.24.

### **Sekretariat:**

Tenesteleiar barnehage, tenesteleiar skule og stab oppvekst er sekretariat.